

Gruppe- styremøte i Haram Venstre 8. februar 2014

Stad: Beststasjonen, Vatneeidet.

Tilstade: gruppeleiar Kristian Stråmyr, nestleiar Thomas Vadset, styremedlem Malin Storholt, styremedlem Eili Å. Arntsen, UV rep. Håvard Urkedal og observatør Kjetil Fiskergård.

Gyldig forfall: Leiar Ole Johan Høyberg.

Saker:

1. Kommunestyresaker

-Taremareby: Vi går inn for framlegget frå formannskapet.

-Omsorgsplassar: Vi vil behalde Kveldsro og Haram kvileheim, men vurdere ombygging til omsorgsboligar. Vi vil ikkje gå inn for privatisering i inneverande periode.

-Kommunal kontantstøtte: Støtte framlegget, men ta igjen debatten når vi veit resultat av utredninga.

-Resten av sakene: Støttar framlegget frå formannskapet.

2. Registrering i Brønnøysund.

-Vi blir registrert i einingsregisteret. Vi kan vurdere seinare om vi vil bli registrert i friviljugregisteret, då kan vi mot ei årleg avgift få grasrotmidlar.

3. Søknad om støtte til M&R UV

-UV rep. Håvard Urkedal orienterte om situasjonen i organisasjonen og fremja forslag om tildeling om økonomisk støtte. Styret vedtok samrøystes å løyve 1000 kr. under føresetnad om deltaking på div. arrangement og vervearbeid retta mot Haram. Håvard fekk ansvar for å gi kontonummer til kasserar Ole Johan Høyberg.

4. Orientering frå Fylkesårs møtet

-Kristian Stråmyr og Malin Storholt deltok. Kristian var årsmøtesekretær fyrste dagen. Kontingenten for 2015 vart heva med 25 kr. Kosmetiske vedtektsendringar. Vedtok fire resolusjonar. Framlegg om uttale mot reservasjonsretten fall mot våre røyster. Sjå eiga sak på heimesida for meir utfyllande info.

5. Eventuelt

-Lokalpolitisk nettverk i Ålesund 14.-16. mars.

-Sjå på moglegheita for livssynsnøytralt kapell i Haram, kanskje i tilknyting til nytt kommunehus.

-Stille spørsmål til Ordføraren om kva som har skjedd i saka om utredning av kommunesamanslåing sidan vårt framlegg.

Referent:

Sekretær Kristian Stråmyr